



A/STAB AS
Trine Sjursen
Ulsmågvegen 7
5224 NESTTUN

Referanser:
Dykkar:
Vår: 20/2409 - 23/32463

Saksbehandlar:
Kristin Nielsen
kristin.nielsen@alver.kommune.no

Dato:
03.05.2023

Referat frå merknadsmøte - Nappavika småbåtanlegg - planID 1263-201505

Detaljregulering	Nappane småbåtanlegg Gbnr: 129/4 mfl. PlanID 1263-201505
Tiltakshavar	Nappane Båtlag
Konsulent	A/STAB
Møtestad	Kommunehuset på Frekhaug
Møtedato	26.04.2023, kl. 10.00-11.15
Til stades i møtet frå forslagsstillar og kommunen	Alte Maalen, Nappane Båtlag Kristine Allport, Nappane Båtlag Torstein Laskemoen, Nappane Båtlag Gaute Baarøy Trine Farsund Sjursen, A/STAB AS Magnus Meinert, A/STAB AS Lennart Falkenberg-Arell, Plan og byggesak Kristin Nielsen, Plan og byggesak

Bakgrunn for møtet

Merknadsmøte etter varsel om utviding av planområdet for at brannbil skal kunne snu og justering av planforslaget.

Oppsummering/avklaring av konkrete spørsmål og problemstillingar

Snuplass

Brannvesenet v/NGIB (Nordhordland og Gulen Interkommunale Brannførebyggjande avdeling) har gått tilbake på deira krav om at det må etablerast snuhammar i tilknytning til kaia. Brannvesenet har vore i Nappevika med køyretøy, og dei kan snu på kaia. I tillegg har dei informert om at dersom dei ikkje kan snu på kaia, ryggar dei og snur ved første moglegheit.

Vegavdelinga har informert om at det må vere ein snumoglegheit i enden av den kommunale vegen. Traktoren som brøyttar den kommunale vegen i dag snur på kaia, og det må framleis vere ein snumoglegheit enten på – eller ved – kaia.

Ein snuplass på gbnr 129/21 vil måtte utformast flatt, og vil dermed kunne hindre vegtilkomsten til gbnr 129/36 som går over gbnr 129/21.

På bakgrunn av desse tilbakemeldingane og innkomne merknadar, vil kommunen sikre kaia som snuplass gjennom at denne vert regulert som offentleg areal, og går samstundes bort frå kravet om utviding av den eksisterande avkøyrsla på gbnr 129/21. Med dette har grunnlaget for varslinga frå mars 2023 om utviding av planområdet falt bort.

Mogleg framtidig kommunal beredskapskai

Det er starta ein prosess med å avklare kva kaier i Alver som skal bli kommunale beredskapskaier. Kaia i Nappevika er framleis ikkje vurdert i dette arbeidet. Kommunen har bedt om at reguleringsplanen ikkje skal hindre at kaia eventuelt vil kunne brukast til dette formålet. Ved at kaia vert regulert til offentleg formål, med plass til å snu køyretøy og med tilkomst for alle til ein kvar tid, er vurderinga at reguleringsplanen ikkje vil ha negativ innverknad på eller vere til hinder for dette.

Eigartilhøve

Det er i dag bestridt kven som eig kaia. Tiltakshavar og plankonsulent meiner at eigartilhøvet er avklart, og at det er i privat eige ved gbnr 129/4. I matrikkelen står kommunen som eigar, men eigartilhøvet er ikkje tinglyst. Kommunen oppmodar om at all informasjon som kan understøtte at kaia er i privat eige vert samla, og om at prosessen med å formelt avklare kven som eig kaia vert starta.

Etter møtet: Det kan gjerast ei formell førespurnad til Egedomsavdelinga i kommunen for å starte denne prosessen.

Antal båtplassar

Initiativtakar ønskjer å gå ned på antal båtplassar, frå inntil 22 plassar, som ved høyring og offentleg ettersyn i 2017, til 15, som representerer dagens tal på medlemmar i båtlaget. Utstrekninga av planområdet i sjø kan gjennom dette reduserast, og plankonsulent utarbeidar eit forslag.

Avfall og parkeringsplass

Kommunen har sett på avfallsløysinga som i dag ligg ved parkeringsplassen. I ein annan, tilsvarande reguleringsplan aksepterte kommunen at avfallsløysinga låg utanfor planområdet ved eit eksisterande hentepunkt for NGIR. Kommunen ber plankonsulent om å kontakte NGIR for å høyre om dette er ei løysing dei kan akseptere i dette tilfellet. Det mest relevante hentepunktet ligg på gbnr. 129/38. Dersom renovasjonskøyretøy ikkje treng å hente avfall i planområdet, vil ein kunne redusere parkeringsplassen og innkøyrsla til denne, som er dimensjonert for renovasjonskøyretøy.

Ved å gå ned på antal båtplassar, vil også behovet for antal parkeringsplassar, i tråd med krava frå kommunedelplanen for Lindås (KDP), reduserast. Parkeringsplass for HC-køyretøy må framleis ligge her, etter krav frå KDP Lindås, og parkeringsplassen og tilkomst til denne må dimensjoneras for køyretøy av relevant storleik.

Plankonsulent utarbeider eit forslag som viser redusert parkeringsareal. Dersom NGIR aksepterer avfallshentepunkt for småbåtanlegget utanfor planområdet, kan også areal for tilkomst til parkeringsplassen reduserast.

llandstigningspunkt flytebrygge

Fram til eigar av kaia er formelt avklart og tinglyst, vart det diskutert om det er ei mogleg løysing å legge ilandstigningspunkt frå flytebrygga rett nord for og ved kaia, der det i dag er tilknytt ei flytebrygge. Det er i så fall ein føresetnad frå kommunen si side at eit alternativ tilknytingspunkt får trinnfri tilkomst, som i den opphavlege løysinga.

Etter møtet: Eigartilhøva på akkurat denne plassen er uklare, då det delvis ligg på eit landareal som ikkje er markert med eigar i dagens kart. Kommunen meiner at det er sannsynleg at gbnr 129/4 er grunneigar av akkurat dette arealet, og at tiltakshavar inntil vidare kan inngå ein avtale med eigar av gbnr 129/4 om tilkomst over dette arealet, dersom dette er ein akseptabel løysing for eigar av gbnr 129/4. I så fall kan plankonsulent utarbeide eit forslag til utforming. Trafikktryggleik må vere eit viktig aspekt. Kommunen oppmodar samstundes om at eigartilhøvet for dette arealet vert formelt avklart.

Gjennomgang av merknadar

Merknadane som kom inn ved varsel om utviding av planområdet for å kunne etablere snuplass for brannkøyretøy vart gjennomgått. Kommunen går bort frå utviding av eksisterande avkøyrsløp på gbnr 129/21, og grunnlaget for varslinga om utviding av planområdet er dermed borte. Det er framleis ikkje aktuelt å utvide planområdet langs vegen på gbnr 129/82, samanlikna med plandokument som vart på offentleg ettersyn og høyring i 2017. Elles er fleire av merknadane svart ut gjennom endringar som omtalt i punkta over.

Vidare planprosess

Plankonsulent sendar inn forslag til løysingar som gjennomgått i møtet, og etter dialog kan oppdatert planmateriale knytt til alle endringar og justeringar sendast inn.

Dersom oppdatert planframlegg vert sendt inn i tide til å kunne rekke det, vil planen kunne leggest fram for 2. gangshandsaming i Utval for Areal, Plan og Miljø (APM) 07.06.2023. Dersom dei gir positiv innstilling til Kommunestyret, vil den handsamast der 22.06.2023. Ferdigstillingsfrist for alle plandokument og saksframlegg vil i så fall vere 24.05.2023.

Med vennleg helsing
Alver kommune, Plan og byggesak

Kristin Nielsen
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

A/STAB AS
Atle Maalen
Gaute Baarøy
Kristine Allport

Ulsmågvegen 7

5224 NESTTUN